

# Møtereferat

**Til: Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest**

**Til stede:** Linn Bæra, Grete Müller, Kari Toftøy-Andersen, Merete Hauge, Gunnar Ekeland, Henrik Aasved, Sven Hove (vara), Karl Olaf Sundfør, Anbjørg Hellestræ (vara), Charlotta Schaefer (sekr.).

**Forfall:** Jostein Bildøy, Kristoffer Skjolden, Elisabet Salte.

**Møteleiar:** Linn Bæra

**Møtedato:** 12.03.2018

**Klokkeslett:** 09.45-14.45

**Møtenr:** 12/18

**Møtestad:** Helse Vest RHF, Møterom Preikestolen

**Arkivref:** -

Saknr.	Emne	Ansvarlig
10/18	<b>Innkalling blei godkjent.</b> Leiar Linn Bæra var forsinka grunna fly og ankom møte kl 10.45.	Nestleiar Grete Müller
11/18	<b>Referat frå førre møte 25.01.2018 blei godkjent. Ingen kommentarar.</b>  Melding av eventuelt-saker: Anbjørg - situasjonen innan rehabilitering for personar med psykiske lidningar. Linn – Årshjul for RBU.	Nestleiar Grete Müller
12/18	<b>Orientering om deltaking i prosjekt/gruppe</b>  Henrik informerte om status på kreftkirurgi prosjektet. Dei enkle saka er ferdigbehandla, men dei vanskelige står igjen - dvs. dei saka der helseforføretaka i utgangspunkt ikkje oppfyller krava i rapporten "Kreftkirurgi i Norge". RBU gav si støtte til Henrik si ståstad, mht at krava i kreftkirurgi-rapporten må leggjast til grunn i vurderinga av kor dei ulike kreftoperasjonene skal utførast. Dersom et helseføretak framleis skal driva med kreftoperasjonar der krava i kreftkirurgirapporten ikkje er oppfylt, må de kompensierende tiltaka vere så gode at ein er sikker på at kvalitet sikrast.  Gunnar Ekeland og Karl Olaf Sundfør har reagert over den mangelfulle involveringa av brukarar i faglege revisjonar. Dei skal sjå gjennom rutinen for faglege revisjonar i Helse Vest til mai-møte. Eventuelle forslag til endringar må leggjast fram for fagdirektørmøtet i Helse Vest.  Sven Hove skal i møte med SESAM dagen etter RBU-møte. SESAM	Leiar Linn Bæra

	<p>strevar med å finne kompetente brukarrepresentantar til ulike forskingsprosjekt.</p> <p>Anbjørg Hellestræ rapporterte frå arbeidet med medikamentfritt tilbod. Nettsida ikkje lett tilgjengeleg grunna språk (nynorsk). Står lite i prosjektrapporta om brukarmedverknad.</p> <p>Karl Olaf Sundfør har deltatt i arbeidet med implementering av pakkeforløp i psykisk helsevern og rusomsorga. Det er viktig å få med kommunane i planen.</p>	
<b>13/18</b>	<p><b>Gjennomgang av aktuelle styresaker</b></p> <p>Grunna bytte av møtedato kunne ingen frå leiargruppa deltek på RBU-møte 12. mars. Sekretær rapporterte frå styremøte 7. mars 2018.</p> <p>Det er tre nye medlemmer i styret inklusive ny styreleiar Einar Strømsvaag. Dei andre nye er Katrine Trovik og Sigurd K. Hille.</p> <p>Tema på styremøte var blant anna Fødetilbodet ved Haukeland, Årleg melding og regional plan for revmatisme-tilbodet.</p> <p>Det var ingen spesifikke kommentarar til RBU si Årleg melding.</p> <p>Karl Olaf Sundfør informerte om at det for tida arbeidast godt med å redusere tvang i psykisk helsevern. Han meinte Helse Vest er på rett veg når det gjeld tvangsbehandling.</p> <p>RBU drøfta korleis dei ønskjer informasjon frå administrasjonen. RBU bør bli meir tydelege på kva dei ønskjer informasjon om på forhand. RBU planlegg å ta utgangspunkt i Oppdragsdokumentet for å spisse 'bestillinga' til den direktør som møter i RBU-møtet.</p>	Nestleiar Grete Müller
<b>14/18</b>	<p><b>Invitasjonar til brukarutvalet</b></p> <p>Konferanse ' Barn som pårørande' 26. april er fulltekne, ingen frå RBU deltek.</p> <p>RBU har blitt invitert til å delta med to representantar i forskingsprosjekt om dagkirurgi.</p> <p>Sekretær/leiar skal finne ut om prosjektet har budsjett for brukarrepresentant. Karl Olaf Sundfør var interessert i å delta i styringsgruppa for prosjektet. RBU vil spør Jostein Bildøy om han vil delta som den andre representanten frå RBU.</p>	Nestleiar Grete Müller
<b>15/18</b>	<p><b>Orienteringar/brev til/frå brukarutvalet</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppklaring om ferje ved Pasientreiser. Ferje er rutetrafikk, SAFO har fått bekrefta frå HOD. Pasientreiser HF er eit felles eid føretak med ansvar for utvikling av teknologi, og som tar seg av oppgjør, kontroll og refusjon av pasientreiser med og utan rekvisisjon, og det er det lokale</li> </ul>	Leiar Linn Bæra

	<p>helseføretaket som gjer avtaler med drosjenæringa.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Nasjonal rettleiar for brukarmedverknad i forskning ligg ute for høring. Svarfrist 15. mars. RBU meinte det er uklart kven som er brukarrepresentant, i rapporten. Dei saknar også beskriving om habilitet blant brukarrepresentantar. Det bør også stå at alle prosjekt må ha avklart budsjett for involvering av brukarar. Står lite om evaluering av prosjekta i rettleiar. Rolleavklaring i starten er et suksesskriterium. Det utviklast digitalt opplæringsprogram for brukarmedverknad i forskning som bør være ferdig i løpet av året.</li> <li>Rutine for innmelding av saker til RBU blir lagt ut på nett helse-vest.no.</li> <li>Diabetesforbundet har sendt brev til leiargruppa i Helse Vest RHF, brukarutvalet får brevet til informasjon.</li> </ul>	
<b>16/18</b>	<p><b>Fellesmøte med vara-representantar 4. april 2018</b> RBU planla fellesmøte med vara-representantar 4. april. Tema: workshop om Oppdragsdokumentet. Drøfting av kva RBU skal ha fokus på i 2018.</p> <p>Linn hold i innleiing og presentasjonsrunde. Årleg melding for RBU kan også leggest fram.</p> <p>Då fleir og fleir møter skjer elektronisk er det behov for ei elektronisk gjennomgang og framvising. Sekretær tek hand om det. Presentasjon av Lync/Skype og elektronisk reiserekning.</p> <p>Prosedyre for rapportering skal også vere et punkt på agendaen. Sekretær sender ut link til Oppdragsdokumentet 2018 til alle deltakarar før påske.</p> <p><b>Fellessamling for brukarutvala 29.-30. august</b> RBU blei einsemd om at møte skal haldast i Bergen. Forslag Thon hotellet på brygga. Linn skal spør leiar i brukarutvala om å delta i planlegginga av samlinga.</p> <p>Forslag til tema for samlinga: sansetap, kommunikasjon, samhandling med kommunar, implementering av nye behandlingsmetodar, trygg utskriving, psykisk helse og eldre.</p> <p>Forslag til foredragsholdar: Einar Hovlid frå Helsetilsynet, prosjekt frå Solli DPS, Føniksalliansen <a href="https://foniksalliansen.no/">https://foniksalliansen.no/</a>, representant frå medikamentelfritt tilbod på Kronstad DPS, og</p>	Leiar Linn Bæra

	'Vel heim' prosjektet.	
	<p><b>'RBU si time'</b></p> <p><b>Forskingskonferansen</b> Grete deltok på Forskingskonferansen på Solstrand og rapporterte frå konferansen. Tema var blant anna klinisk praksis og korleis synleggjøre forskning.</p>	Leiar Linn Bæra
	<p><b>Eventuelt</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tema for pasienterfaringsundersøkingar RBU har blitt oppmoda å kome med innspel til tema for pasienterfaringsundersøkingar innan 20. april. Forslag frå RBU: Kronisk sjuke pasientar, f.eks. barn med ME eller pasientar med sen-skadar etter kreft. Pasientar som både får psykisk og somatisk oppfølging frå sjukehus. Barn og unge med ADHD-diagnose.</li> <li>• Alvorlig psykisk sjuke blir ikkje prioritert til rehabilitering i kommunane Anbjørg tok opp saka. Kommunane har valt å prioritera pasientar som er motivert til rehabilitering, difor blir alvorlig psykisk sjuke bortprioritert. Grete og Kari kan eventuelt ta det opp med nettverket for Læring- og meistring. RBU er opptatt av korleis spesialisthelsetenesten jobbar med kompetanseoverføring til kommunehelsetenesten. Anbjørg lager et utkast til notat for RBU. Karl Olaf Sundfør skal på møte med KS, 10. april og kan ta saka opp.</li> <li>• Årshjul for RBU Linn ønskja at RBU skal lage årshjul. Ta utgangspunkt i styret sitt årshjul. Arbeidsutvalget skal lage forslag på generisk hjul. Årshjul kan støtte RBU i planlegging og handsaming av saker. Det er jamleg saker frå RBU som Linn skal ta vidare med styret. Sist styremøte var det berre tid til å ta opp ei sak. Det fungerer dårleg at RBU skal ta sine saker i slutten av styremøta.</li> </ul> <p>Ny rettleiar legg nokon nye føringar på korleis RBU skal settast saman. RBU ønskjer å drøfta dette i mai-møtet. Korleis skal konstituering av leiar og nestleiar gjørast neste gong? Brev til brukar- og pasientforbund bør sendast ut i mai-juni for at dei skal ha god tid å finne representantar.</p> <p>RBU stiller seg bak et møte mellom adle leiarar i BU. Linn planlegger møtet på Flesland.</p>	Leiar Linn Bæra

Neste RBU-møte er den **4. april 2018 kl 1000 – 1430** samen med vara-representanter. Innkalling til møte blir sendt ut senest 23. mars grunna påske.

